



Bilnr 2 as
Mongstadveien 339
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7817 - 14/28675

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
30.12.2014

Mangelfull dispensasjonssøknad - gbnr 46/10 Tvedt - oppføring av lagerbygg

Viser til dispensasjonssøknad motteken 11.12.2014. Den er ikkje god nok til å ta opp til handsaming. Dispensasjon skal grunnjevast og den skal nabovarslast. Det må søkast om dispesasjon frå kommuneplanen sitt krav om utarbeiding av reguleringsplan og frå byggegrensa mot fylkesveg 399, som er 15 m frå vegmidte. Kommunen handsamar også byggegrensa, etter å ha henta inn uttale frå statens vegvesen, som du også skal nabovarsla. Vedlagte situasjonsplan er for unøyaktig. Det skisserte bygget er ikkje i målestokk eller målsett og det er ikkje vist avstandar til veg, grenser og nabobygg.

Ta kontakt med vår geodataavdeling via postmottaket og be om eit nytt kart og naboliste. Det er 4 eigarar på gbnr 46/2 og alle skal ha nabovarsel vedlagt kopi av søknadspapira.

Følgjande dokument skal vera med i søknaden

- Grunnjeven søknad om dispensasjon (brev)
- Kvittering for nabovarsel, med opplysningar gjeve i nabovarsel
- Situasjonsplan i målestokk og med målsetting på bygget og avstand til vegmidte
- Målsette teikningar/skisser av bygg
- Utgreiing om tiltaket (brev)

Blankettar til byggesak finn du på <http://dibk.no/no/>
Ein del om byggesak og dispensasjon ligg på www.bing.nu

Dersom du vil ha dispensasjonssøknaden handsama, må du senda inn komplett søknad **innan 14.02.2015**. Dersom vi ikkje får skriftleg tilbakemelding innan den datoen, vert saka avslutta.

Bruk adressa postmottak@lindas.kommune.no ved tilbakemelding i saka.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bilnr 2 as

Mongstadveien 5955
339

LINDÅS